

Møteinnkalling

Utval:	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	03.02.2021
Tid:	Kl. 12:15

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Program:

- Kl. 12:15 - 12:30 Opning av møte ved leiar Inge Fiskvik
- Kl. 12:30 - 13:00 Orientering - ved Kari Louise Elster Moen - avdeling for infrastruktur og veg
- Kl. 13:00 - 13:30 Orientering - ved Torill Klinker - regional transportplan
- KL. 13:30 -13:40 Pause
- Kl. 13:40 - 14:00 Orientering - ved Lars-Erik Sundal -opprop av haldeplass på buss.
- KL. 14:00 - Sakshandsaming

Melding om forfall:

Alle medlemer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Inge Fiskvik
utvalsleiar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 02.12.2020	2020/77152	
	Referatsaker		
RS 1/21	Pilotprosjekt for elsparkesyklar i Bergen kommune	2019/101	
RS 2/21	Utgreiing av bestillingstransport i Nordfjord	2020/77152	
RS 3/21	Båtanbod rutepakke 3 - opsjon universell utforming	2020/77152	
RS 4/21	Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 - Løypemelding og hovudmål	2020/77152	
RS 5/21	Orienteringar og diskusjon kring møteplanen 2021	2020/77152	
	Politiske saker		
PS 1/21	Føringar ved utleige av fylkeskommunale fortau til uteservering i Bergen	2021/804	

Godkjenningssaker

GK 1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksnr: 2020/77152-12
Saksbehandlar: Arild Knapskog

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2/21	03.02.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 02.12.2020

Møtebok frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne den 02.12.2020 er lagt ved saka.

Møteprotokoll

Utval:	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Fjernmøte/videomøte
Dato:	02.12.2020
Tid:	10:00-15:20

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Trude Brosvik	Nestleiar	KRF
Gunnar Moland	Medlem	H
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP
Inge Øystein Aareskjold Fiskvik	Leiar	
Bente Borghild Underthun	Medlem	
Egil Bru Overaa	Medlem	
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Sigrid Rønneberg	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ingen		

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ingen		

Følgjande medlemmer melde ikkje forfall:

Namn	Møtte for	Representerer
Anita Helen Hammerseth Æsøy	Medlem	

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Lotte Karoline Lynngård	Møtesekretær/rådgevar

Merknader

Det var åtte medlemmer tilstades

GK 11/20 fekk feil namn ved ein inkurie. Det skal stå «Godkjenning av innkalling og sakliste», og er nå rettet

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 11/20	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 12/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 21.10.2020	2019/130	
	Referatsaker		
RS 39/20	Sluttrapport kartlegging av tilgjengelegheit på turvegar i Vestland 2020	2020/48780	
RS 40/20	Innspel til Handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland 2022-2025	2020/62195	
RS 41/20	Informasjon om budsjett og rekneskap for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 2020	2020/77152	
RS 42/20	Aktivitetar hausten 2020: Samlingar som rådet har vore med på å arrangere for kommuneråd i Vestland	2020/77152	
RS 43/20	Orientering frå leiar om innlegg ved plankonferansen i Vestland om klima og folkehelse	2020/77152	
	Politiske saker		
PS 22/20	Forslag til ny forskrift for transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne (TT-ordninga) i Vestland	2020/44001	
PS 23/20	Møteplan for 2021 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2020/77152	
PS 24/20	Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 6/20	2020/75517	
PS 25/20	Organisatorisk arbeid i forkant av møta i 2021	2020/77152	
PS 26/20	Fråsegn til fylkesrådmannen		

Godkjenningssaker

GK 11/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.12.2020

Saka fekk feil namn ved ein inkurie. Det skal stå «Godkjenning av innkalling og sakliste»

Sak PS 26/20 Fråsegn til fylkesrådmannen vart satt på saklista.

Innkalling og sakliste vart godkjend med dei merknadar som vart nemnd over.

GK 12/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 21.10.2020

Møtebok frå møte i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne den 21.10.2020 er lagt ved saka.

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.12.2020

Møteprotokollen frå møte 21.10.20 vart godkjent utan merknader.

Referatsaker

RS 39/20 Sluttrapport kartlegging av tilgjengelegheit på turveggar i Vestland 2020

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.12.2020

RS 39/20 vart referert

RS 40/20 Innspel til Handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland 2022-2025

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.12.2020

RS 40/20 vart referert.

RS 41/20 Informasjon om budsjett og rekneskap for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 2020

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.12.2020

RS 41/20 vart referert.

RS 42/20 Aktivitetar hausten 2020: Samlingar som rådet har vore med på å arrangere for kommuneråd i Vestland

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.12.2020

RS 42/20 vart referert.

RS 43/20 Orientering frå leiar om innlegg ved plankonferansen i Vestland om klima og folkehelse

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.12.2020

RS 43/20 vart referert.

Politiske saker

PS 22/20 Forslag til ny forskrift for transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne (TT-ordninga) i Vestland

Forslag til innstilling

1. Med heimel i Storstingshandsaming 10. april 1986 og privat autonomi, vert ny forskrift for transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne (TT-ordninga) i Vestland, vedteken.
2. Den nye forskrifta trer i kraft 1.1.2021.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.11.2020

Frank Willy Djuvik (Frp) sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett. Hovudutvalet ber om at administrasjonen utarbeider nytt framlegg til forskrift basert på følgjande:

- At forskrifta sikrer rett til tilrettelagt transport og for born under 10 år.
- At forskrifta sikrar rett til tilrettelagt transport for personar som ikkje har høve til å nytte eksisterande kollektivtransport, både på kort og lang sikt.
- At forskrifta sikrar rett til tilrettelagt transport der det er lite tilfredsstillande eller manglande kollektivtransport.
- At personar med varig funksjonsnedsetting ikkje treng søke på nytt.
- At personar med transportstøtte frå NAV ikkje får reduksjon i den fylkeskommunale kvoten»

Avrøysting utsetjingsforslag

Djuvik sitt forslag fekk 3 røyster (Frp og FNB) og fall.

Trude Brosvik (Krf) sette fram slikt forslag:

«Endring:

Paragraf 2.b: sette punktum etter «ordinære kollektive rutetilbod» Stryk resten.»

Arve Helle (A) sette på vegner av A, Sp, Krf, MDG og SV fram slikt forslag:

«Alternativ setning i §2:

Manglande rutetilbud vert ikkje vektlagt i søknaden. Som hovudregel vert heller ikkje vanskar med å bere varer, bagasje eller anna mellom heim og haldeplass, eller bratte bakkar/lang veg til haldeplass vektlagt.»

Arve Helle (A) sette på vegner av A, Sp, Krf, MDG og SV fram slikt forslag:

«Endring i § 4, andre avsnitt:

Brukarar får godkjenning for 10 år for varig sjukdom/nedsett funksjonsevne.»

Frank Willy Djuvik (Frp) sette fram slikt forslag:

«Endring av paragraf 2a: 2 år vert endra til 1 år

Endre Paragraf 2c til: Brukarar vert godkjend utan hensyn til alder

Paragraf 2: erstatte siste setning med: Manglande rutetilbud kan i særskilte høve vektleggast

Endre paragraf 4 til: Brukarar får godkjenning for 1 år for mellombels sjukdom/nedsett funksjonsevne, eller når det er tvil om sjukdom/nedsett funksjonsevne er varig. Brukarar får godkjenning for 10 år for varig sjukdom/nedsett funksjonsevne. Brukarar med varig sjukdom/nedsett funksjonsevne som er utan utsikter til betring av tilstanden kan få livsvarig godkjenning. Brukarar kan søkja om fornya godkjenning før godkjenningsperioden er over.

Paragraf 5: Nest siste avsnitt vert fjerna (støtte frå NAV)»

Avrøysting

Djuvik sitt forslag fekk 6 røyster (Frp, H og FNB) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Helle sitt forslag til alternativ setning i § 2 vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

Helle sitt forslag til endring i § 4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Med heimel i Stortingshandsaming 10. april 1986 og privat autonomi, vert ny forskrift for transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne (TT-ordninga) i Vestland, vedteken med desse endringane:

-Alternativ setning i § 2: Manglande rutetilbod vert ikkje vektlagt i søknaden. Som hovudregel vert heller ikkje vanskar med å bere varer, bagasje eller anna mellom heim og haldeplass, eller bratte bakkar/lang veg til haldeplass vektlagt.

-Paragraf 2.b: sette punktum etter «ordinære kollektive rutetilbod» Stryk resten.

-Endring i § 4, andre avsnitt: Brukarar får godkjenning for 10 år for varig sjukdom/nedsett funksjonsevne.

2. Den nye forskrifta trer i kraft 1.1.2021.

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.12.2020

Forslag

1. **Inge Fiskvik, FFO**, sette fram slikt forslag:

«RMNF ber om at følgende innspill tas inn i forslag for ny forskrift: Endring av § 5 andre ledd bokstav a) til «(...) blinde/svaksynte med ein visus på 0,33 eller lågare får tildelt 1.3 x grunnbeløpet" (Dette for at fylket skal forholde seg til WHO's klassifikasjon på synshemming, og at andre fylker følger denne malen)»»

2. **Inge Fiskvik, FFO**, sette fram slikt forslag:

«RMNF vil fjerne aldersgrensen nevnt i forskrift om tt-ordning i Vestland § 2 første ledd bokstav c. Stryke at søker må være 10 år»

3. **Inge Fiskvik, FFO**, sette fram slikt forslag:

«Endring av § 5: «Søkjar som disponerar bil innkjøpt med støtte frå NAV skal ikkje verte trekt av sin kvote til den fylkeskommunale tt-ordningen.»»

4. Det vart fremma følgjande **felles** forslag på vegner av rådet:

«RMNF er usikker på kva siste setning i §5 med justering av tildeling vil bety for føreseieleg tildeling for brukaren, og brukaren sitt behov for å kunne planlegge.»

Protokollmerknad: **Inge Fiskvik, FFO**, sette fram alternativt forslag til forslag 3: «Endre § 5 tredje ledd, ved å fjerne del av følgjande setning: «eller som får grunnstønad til transport frå NAV.»»

Avrøysting

1. Fiskvik sitt forslag vert samrøystes vedteke
2. For: Bente Underthun (SAFO), Sigrid Rønneberg (SAFO), Inge Fiskvik (FFO). Mot: Kjell Håland (A), Egil Bru Overaa (FFO), Gunn Mongstad (SP), Trude Brosvik (KrF), Gunnar Moland (H). Resultat: Rådet stemte imot dette forslaget.

3. For: Bente Underthun (SAFO), Egil Bru Overaas (FFO), Sigrid Rønneberg (SAFO), Inge Fiskvik (FFO). Mot: Kjell Håland (A), Gunn Mongstad (SP), Trude Brosvik (KrF), Gunnar Moland (H). Resultat: Rådet stemte for dette forslaget, jf. Reglement for saksbehandling, nr 16, der møteleiar sin røyst er avgjerande ved likt stemmetal.
4. Det felles forslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kjem med følgjande uttale:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at følgjande innspel takast inn i forslag for ny forskrift: Endring av § 5 andre ledd bokstav a) til: «(...) blinde/svaksynte med ein visus på 0,33 eller lågare får tildelt 1.3 x grunnbeløpet.» (Dette for at fylket skal forholde seg til WHO's klassifikasjon på synshemming, og at andre fylker følgjer denne malen).

Endring av § 5 tredje ledd: «Søkjar som disponerar bil innkjøpt med støtte frå NAV skal ikkje verte trekt av sin kvote til den fylkeskommunale tt-ordningen.»

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er usikker på kva siste setning i § 5 med justering av tildeling vil bety for føreseieleleg tildeling for brukaren, og brukaren sitt behov for å kunne planlegge.

Protokollmerknad: Dei som stemte mot forslag 3 ønska følgjande forslag: «Endre § 5 tredje ledd, ved å fjerne del av følgjande setning: «eller som får grunnstønad til transport frå NAV».»

Kjell Håland (A), Gunn Mongstad (SP), Trude Brosvik (KrF), Gunnar Moland (H).

PS 23/20 Møteplan for 2021 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek det framlagde forslag til møteplan for året 2021 for rådet sine møter slik den ligg føre.

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.12.2020

Inge Fiskvik, FFO, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å gi leiar i samråd med sekretær mynde til å fastsette møtedatoar.»

Avrøysting

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å gi leiar i samråd med sekretær mynde til å fastsette møtedatoar.

PS 24/20 Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 6/20

Forslag til innstilling

Budsjettdokumentet som vist i vedlegg til arbeidsdokument 6/20 er finansutvalet sitt framlegg til årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021 -2024 for Vestland fylkeskommune med desse endringane:

Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 18.11.2020

Natalia Golis, MDG, sette fram slikt forslag:

Administrasjonsutvalet tek saka til vitande.

Avrøysting

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til finansutvalet

Administrasjonsutvalet tek saka til vitande.

Saksprotokoll i finansutvalet - 19.11.2020

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Tiltak	Meirutg./mindreinni.	Meirinnt./mindreutg
Ferjekompensasjon	55000000	
Skule-fond	15000000	
Miljøkoordinatorar	13000000	
TAF/YSK	2000000	
Toppidrett	600000	
Sommarskule/leksehjelp	1100000	
Ladestasjon langs fylkesvei	2000000	
innfartsparkering	6000000	
KODE	1100000	
Reklame buss/ferge		20000000
Administrativt innsparingsprogram		25000000
Sjølvsprofilering, halvårsverknad		7700000
Utsetje merking av bussar		5000000
Skulepsykologar		2900000
Vaksine		2100000
Skulefrukost		10000000
Elev-PC, eigenandel		1900000
Oppfylling av klassar		5000000
Ressurs til bibliotekar + stilling koordinator skulebibliotek		1200000
Disposisjonsfond		15000000
Total	95800000	95800000

Tilleggsframlegg investeringar fylkesvegar:

Tal i 1000 kr.

Prosjekt: Svelgen-Indrehus		
Totalt 2021-2024: 1 450 000		

2021	2022	2023	2024
10 000	500 000	500 000	440 000
Finansiert med lån.			

Prosjekt: Atløysambandet			
Totalt 2021-2024: 1 000 000			
2021	2022	2023	2024
10 000	330 000	330 000	330 000
Finansiert med lån/ferjeavløysingsordninga.			

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Det vert ikkje budsjettert med auka inntekt frå fergekompensasjonsordninga på 55 mill kr før evt. Stortinget har vedtatt dette. Avsetning til disposisjonsfond vert redusert med 55 mill kr i 2021.

2. På område for Hovudutval for samferdsel og mobilitet (SAMO) gjer Finansutvalet følgjande prioriteringar;

Udisponert A-dok 6/20 kr 89,8 mill (ligg på Veg - drift og vedlikehald)

Bruk av diesel i staden for biodiesel buss kr 23,5 mill

Utsette omprofilering Kringom kr 7 mill

Sum disponibel kr 120,3 mill

Kollektiv

Ikkje fjerne takstkompensasjon for ungdomskort i kommersielle ruter kr 15 mill

Ikkje takstauke buss og bane med 1% prisstigning kr 10 mill

Ikkje fjerne arbeidskjøring innan TT-ordninga kr 3 mill

Sum kr 28 mill

Infrastruktur og veg

Ingen innsparingstiltak blir gjennomført, ref. tabell s 77 vedlegg A-dok 6/20 kr 71,8 mill

Ytterlegare auke i dekkelegging veg kr 20,5 mill

Sum kr 92,3 mill

3. Udisponert Hovedutval kultur, idrett og integrering (KULI) på kr 2,6 mill vert sett av til Tilskot U23 EM friidrett i Bergen 2021.

4. Udisponert Hovedutval for næring kr 2,4 mill vert sett av til Prosjekt Marin satsing.»

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

FNB legg posisjonen sitt budsjettframlegg til grunn med følgjande endringar:

Driftsbudsjett

Mål : oppnå nullvekstmål. sikre utbetaling av belønningssmidlar i byveksttalen

Verkemiddel : prisnivå kollektiv redusere med 2,0 %

Budsjett : takstar i 2021 på buss og bane

Kostnad : 20 MNOK

Gratis innfartsparkering : 6 MNOK

Inndekning : Erstatte biodiesel med autodiesel på buss : 23,5 MNOK

Ikkje båtturistrute til Flåm sommaren 2021 : 3,0 MNOK

Investeringsbudsjett

Mål : Rassikring. Tokagjelet ny veg - finansiering og byggjing.

Budsjett : +200 MNOK (40 MNOK 2022, 80 MNOK 2023, 80 MNOK 2024)

Inndekning : -200 MNOK frå Bybanen steg 5 (40 MNOK 2022, 80 MNOK 2023, 80 MNOK 2024)

Investeringsmidlar planlagt til 'Framtidige bompengeprojekt' Tokagjelet, Kvinnheradpakken og utvida Bømlopakke blir samla på 1 bompengefritt prosjekt (Tokagjelet). Samla investeringsmidlar er 160 MNOK (10 MNOK 2021, 50 MNOK 2022, 50 MNOK 2023, 50 MNOK 2024)

Mål : Rassikring. FV 609 Askvoll - Førde v. Hundsåna

Budsjett : 500 MNOK (250 MNOK 2023) År 2024 (250 MNOK 2024)

Inndekning : Sal av fylkeskommunen sitt bybanemateriell (investert totalt 850 MNOK). Antatt salsverdi 500 MNOK (2023).»

Aleksander Øren Heen (Sp) sette på vegner av Sp, A, MDG, V, Krf og SV fram slikt forslag:

1. Finansutvalet syner til protokollen frå møte i finansutvalet 19.10.2020, og vedtakspunkt 7 der følgjande auke i sektorrammene vart vedteke:

SAMMO 89,9 mill

KULI 2,6 mill

Næring 2,4 mill

Sum 94,9 mill

I tillegg legg finansutvalet inn følgjande salderingstiltak:

Redusert overføring til disposisjonsfondet 2,95 mill

2. Finansutvalet reverserer følgjande kutt i finansdokumentet og legg følgjande prioriteringar til grunn for auken i sektorrammene:

SAMMO:

Kollektiv	
Takstauke 1% over prisvekst	8
Fryse enkeltbillett på 39 kr.	6
Reversert takstauke ungdomskort og innføring i heile Vestland	16
Red frekvens buss/bane Bergensomr	2
Takstauke 1 bybanen	2
Kutt billett kontroll	-6
Innfartsparkering	6
SUM	34
Veg og infrastruktur	
Red trygg skuleveg	5
Red tilskotsordn	3,5
Ymse FTU	1,5

Red rydding ras/flaum	15
Steng rastepl/toalett	1
Driftskontrakter	-3
Dekkelegging	31,9
KS2 Atløysambandet	1
SUM	55,8
SUM SAMMO	89,9

KULI:

Kultur		Løyvingsnivå
U23 EM	2 000 000	Idrett og friluftsliv: Idrettsarbeid
Museumsløft 2021	600 000	Kulturarv: Museum
Stipend (kunst)	100 000	Kunst og kulturutvikling: Kunstproduksjon
Kulturelt utviklingsprogram	300 000	Kunst og kulturutvikling
Det Akademiske Kvarter	100 000	Kunstformidling: Tilskot til drift av kulturhus
Tilskotb b/u-organisasjoner	100 000	Ymse b/u-føremål
Inkludering og mangfald - prosjektstøtte	200 000	Inkludering, strategi og analyse
Stiftelsen Robin Hood-huset	100 000	Inkludering, strategi og analyse
Ettertankens dag	50 000	Inkludering, strategi og analyse
Pilegrimssenter (Selja og Bergen)	300 000	Ålmenne kulturvernføremål
Modellbibliotek	200 000	Biblioteksutvikling
Idrettscampus Bergen	500 000	Idrett og friluftsliv: Idrettsarbeid
SUM KULI	4 550 000	

Næring:

Næring (tall i mill. kr.)	

Læreplassgaranti	1,4
Kompetanseheving fiskeri	1
Oppfylling av plaststrategien	1
SUM Næring	3,4

3. Investeringsbudsjett

Finansutvalet gjer følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

<u>Post</u>	<u>2021</u>	<u>2022</u>	<u>2023</u>	<u>2024</u>
Fv. 614 Svelgen - Indrehus			5	45
Fv. 565 Alversund bru				10
Mindre utbedringar	21,1			
Tunnelar - utbetring etter tunnelsikkerhetsforskrifta	-21,1			
Ferjeavløysing - Atløysambandet	1			
<u>Finansiering</u>				
Driftsmidlar til investering (tunnel)		10	20	30

Verbalforslag:

1	<p>Vestland fylkeskommune har eit breitt spekter av arbeidsområde. Det gir moglegheiter for både lærlingar og traineestillingar. I dag er det mange studentar som ikkje får henta ut tilstrekkeleg arbeidserfaring (korkje i studietida eller etter endt studie) før dei skal ut å konkurrere i den ordinere arbeidsmarknaden. For elevar som går på yrkesfag er det samstundes framleis for mange som ikkje får tilbod om lærlingplass. Dette er to områder der Vestland skal vere ein føregangsorganisasjon.</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Vestland Fylkeskommune skal tilby fleire traineestillingar.</i> • <i>Vestland Fylkeskommune skal auke talet på lærlingar.</i>
2	<p>Fylkestinget syner til at det i 2020 har vore søknader på fleire breibandsutbyggingsprosjekt som ikkje har fått støtte, og at behovet er større enn løyvingane. Fylkestinget vil i komande handsaming av rekneskap 2020 setje av deler av forventa overskot til breibandsutbygging.</p>

3	<p>Fylkestinget syner til administrativt innsparingsprogram som tilrår ei innsparing i administrative kostnader i 2021 på 30 mill.kr. Fylkesrådmannen skal konkretisere dei ulike innsparingstiltaka framover.</p> <p>Som grunnlag for å konkretisere innsparingstiltaka skal fylkesrådmannen med ekstern bistand gjennomgå Vestland fylkeskommune si organisering for å sikre ein tenleg og effektiv organisasjonsstruktur, regional balanse og merksemd på digitalisering.</p> <p>Organisasjonsgjennomgangen skal mellom anna vurdere;</p> <ul style="list-style-type: none"> • organisasjonsstruktur inkl storleiken på seksjonar/einingar, kontrollspenn og omfang av lokale stabsfunksjonar inkl merkantile ressursar • fordeling av ressursar og ansvar/oppgåver mellom sentrale og lokale stabsfunksjonar i administrasjonen og ytre einingar • organisatorisk effektivitet knytt til noverande innretting med delte kompetansmiljø versus geografisk samling av ulike fagmiljø («Center of expertise») • område med potensiale for digitalisering. • det er ein føresetnad at den desentraliserte strukturen vert vidareført <p>Det er ein føresetnad at tiltak gjennomførast i dialog med tillitsvalde og innanfor arbeidsmiljølovens ramme og det er ein føresetnad at den desentraliserte strukturen vert vidareført.</p>
4	<p>Fylkestinget meiner det er viktig for den enkelte ungdom og foreldre å skape tryggleik rundt busituasjon og fritid når ein bur borte frå heimen for å ta vidaregåande opplæring.</p> <p>Fylkestinget ber fylkesrådmannen kartlegga tilhøva for hybelbuarar i Vestland og komma attande med ei sak som syner korleis ein kan betra tilhøve for hybelbuarar gjennom bruk av miljøkoordinatorar eller andre sosiale tiltak. (Innan juni 2021).</p>
5	<p>Vestland Fylkesting har ei målsetjing om at vi skal auka gjennomføring og få fleire ut i lære på yrkesfag. Særskilt viktig er det å lykkast i overgangen frå vg2 til lærling.</p> <p>Fylkestinget ber fylkesrådmannen syta for at erfaringane frå prosjektet auka gjennomføring- fleire ut i lære frå tidlegare Hordaland og arbeidslivskontaktane i tidlegare Sogn og Fjordane,</p> <p>vert lagt til grunn for skulane og rettleiingstenestene sitt arbeid for å sikre overgangane.</p>
6	<p>Fylkestinget syner til budsjettet der elev-pc - egedel vert vidareført på kr 2 000,- og gjeld for heile Vestland.</p>
7	<p>Fylkestinget syner til at Vestland Fylkeskommune har mykje dårleg fylkesveg og det er eit stort behov for oppgradering på ei rekke vegar. Ekstra midlar på posten mindre utbetringar (21,1 mill) skal dirfor nyttast til enklare utbetringar på ulike strekningar på fylkesvegnettet kan betra</p> <p>trafikktryggleiken som til dømes sikt, kurvatur og vegbreidd.</p>
8	<p>Fylkestinget syner til at Regjeringa i sitt framlegg til statsbudsjett kutter løyvinga til oppfylling av tunnelsikkerhetsforskrifta tilsvarande 21,1 mill for 2021. Vestland fylke er mellom dei fylka i Noreg som flest tunnelar som treng oppgradering etter forskrifta. Vestland fylke er i ein svært krevjande økonomisk situasjon, der ein i åra framover skal redusere driftsbudsjett og unngå ein kritisk høg gjeldsgrad. På bakgrunn av det kan ein ikkje fortsette å nytte meir midlar til tunnelsikring enn det som vert løyvd over statsbudsjettet då dette vil gå ut over anna drifts- og investeringsoppgåver. I 2021 skal fylkestinget handsame Regional Transportplan og fylkestinget vil der ta ei totalvurdering på kva for prosjekt som bør prioriterast både når det gjeld tunnelsikring, rassikring, vegvedlikehald, ferjeavløysing og andre prosjekt på fylkesvegnettet.</p> <p>Fylkestinget ber difor om at prioritering av tunnelsikringsprosjekt vert ein del av denne planen,</p>

	og at ein justerer framdrifta på dette arbeidet etter kva ein kan forvente av løyvingnivå.
9	Fylkestinget syner til Stortinget sitt bompengeforlik og byvekstavgifta der Vestland fylke har forplikta seg til å redusere takstane på periodekortet på buss og bybane tilsvarande dei statlege løyvingane. Dette vert gjort. Samstundes har Vestland fylke høve til årleg å justere kollektivprisar i tråd med pris og kostnadsvekst. Samarbeidspartia er einig om at ein for 2021 ikkje skal auke prisen på einskildebilletten. Ein ber om at iverksetting av prisreduksjonen vert gjennomført så fort som mogleg.
10	Fylkestinget syner til at ein har hatt ulike ordningar for ungdomskort i dei gamle fylka. Fylkestinget innfører sams ungdomskort i heile Vestland med Hordaland si aldersgrense (inntil fylte 21 år) og pris med verknad frå same tidspunkt som andre taksendingar trer i kraft.
11	Fylkestinget syner til debatten kring innfartsparkering i og rundt Bergen. Fylkestinget legg ikkje opp til at dette vert innført i 2021, men ber om at ein kjem attende med ei sak til SAMMO og FU om trafikale og økonomiske verknader for tiltaket. Fylkestinget ber og om at ein går i dialog med aktuelle kommunar om saka.
12	Fylkestinget syner til at dagens overgangsordning på TT arbeidskøyring (tilrettelagt transport) blir vidareført i budsjett 2021 for dei kommunane som tidlegare har fått dekkja dette av fylkeskommunen. TT-ordninga er svært viktig for mange funksjonshemma som ikkje har høve til å nytta kollektiv transport til arbeid. Både for brukarane og familiane deira er dette eit avgjerande tilbod i kvardagen. Vestland vil halda fram dialogen med dei kommunane der fylkeskommunen i dag dekkjer dette tilbodet. Inntil ein avtale med desse kommunane er på plass vil fylkeskommunen dekkja kostnadane ved tiltaket og føreset at dette vert løyst innanfor ramma til kollektiveininga.
13	Fylkestinget syner til at fylkesrådmann i sitt framlegg har lagt opp til å auke kostnaden med billettkontroll med 6 mill. kr. Fylkestinget avviser denne auken.
14	Fylkestinget føreset at det snarast blir lagt fram ei sak om oppstart av KS2 for Atløysambandet, og om ein finansieringsmodell for rask gjennomføring av prosjektet med ferjeavløysingsmidlar, jmf nye statlege retningslinjer for forbetring av ferjeavløysingsordninga. Fylkestinget syner til at det er sett av 1 mill til KS2.
15	Fylkestinget ber om at ein i fastsetting av leiarløner gjennomfører ei moderat og rimeleg linje og at ein ikkje er lønslende, samt at ein ser til det totale lønnsnivå i organisasjonen.
16	Fylkestinget syner til transporttilbodet «servicelinjen i Bergen», og føreset at dette tilbodet vert vidareført innanfor ramma til kollektiveininga inntil eit anna tilbod er på plass jamfør tidlegare avtalar om dette mellom fylkeskommunen og Bergen kommune.

Innstillinga vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (Frp, H og U).

Ekeland Bjørkly sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.

Søviknes sitt forslag fekk 3 røyster (Frp og U) og fall.

Andersen sitt forslag fekk 2 røyster (FNB og U) og fall.

Øren Heen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (Frp og H).

Innstilling til fylkesutvalet

Budsjettdokumentet som vist i vedlegg til arbeidsdokument 6/20 er finansutvalet sitt framlegg til årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021 -2024 for Vestland fylkeskommune med desse endringane:

1. Finansutvalet syner til protokollen frå møte i finansutvalet 19.10.2020, og vedtakspunkt 7 der følgjande auke i sektorrammene vart vedteke:

SAMMO 89,9 mill

KULI 2,6 mill

Næring 2,4 mill

Sum 94,9 mill

I tillegg legg finansutvalet inn følgjande salderingstiltak:

Redusert overføring til disposisjonsfondet 2,95 mill

2. Finansutvalet reverserer følgjande kutt i finansdokumentet og legg følgjande prioriteringar til grunn for auken i sektorrammene:

SAMMO:

Kollektiv	
Takstauke 1% over prisvekst	8
Fryse enkeltbillett på 39 kr.	6
Reversert takstauke ungdomskort og innføring i heile Vestland	16
Red frekvens buss/bane Bergensomr	2
Takstauke 1 bybanen	2
Kutt billett kontroll	-6
Innfartsparkering	6
SUM	34

Veg og infrastruktur	
Red trygg skuleveg	5
Red tilskotsordn	3,5
Ymse FTU	1,5
Red rydding ras/flaum	15
Steng rastepl/toalett	1
Driftskontrakter	-3
Dekkelegging	31,9
KS2 Atløysambandet	1
SUM	55,8
SUM SAMMO	89,9

KULI:

Kultur		Løyvingsnivå
U23 EM	2 000 000	Idrett og friluftsliv: Idrettsarbeid
Museumsløft 2021	600 000	Kulturarv: Museum
Stipend (kunst)	100 000	Kunst og kulturutvikling: Kunstproduksjon
Kulturelt utviklingsprogram	300 000	Kunst og kulturutvikling
Det Akademiske Kvarter	100 000	Kunstformidling: Tilskot til drift av kulturhus
Tilskotb b/u-organisasjoner	100 000	Ymse b/u-føremål
Inkludering og mangfald - prosjektstøtte	200 000	Inkludering, strategi og analyse
Stiftelsen Robin Hood-huset	100 000	Inkludering, strategi og analyse
Ettertankens dag	50 000	Inkludering, strategi og analyse
Pilegrimssenter (Selja og Bergen)	300 000	Ålmenne kulturvernføremål
Modellbibliotek	200 000	Biblioteksutvikling
Idrettscampus Bergen	500 000	Idrett og friluftsliv: Idrettsarbeid
SUM KULI	4 550 000	

Næring:

Næring (tall i mill. kr.)	
Læreplassgaranti	1,4
Kompetanseheving fiskeri	1
Oppfylging av plaststrategien	1
SUM Næring	3,4

3. Investeringsbudsjett

Finansutvalet gjer følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

Post	2021	2022	2023	2024
Fv. 614 Svelgen - Indrehus			5	45
Fv. 565 Alversund bru				10
Mindre utbedringar	21,1			
Tunnelar - utbetring etter tunnelsikkerhetsforskrifta	-21,1			
Ferjeavløysing - Atløysambandet	1			
<u>Finansiering</u>				
Driftsmidlar til investering (tunnel)		10	20	30

Verbalforslag:

1	<p>Vestland fylkeskommune har eit breitt spekter av arbeidsområde. Det gir moglegheiter for både lærlingar og traineestillingar. I dag er det mange studentar som ikkje får henta ut tilstrekkeleg arbeidserfaring (korkje i studietida eller etter endt studie) før dei skal ut å konkurrere i den ordinere arbeidsmarknaden. For elevar som går på yrkesfag er det samstundes framleis for mange som ikkje får tilbod om lærlingplass. Dette er to områder der Vestland skal vere ein føregangsorganisasjon.</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Vestland Fylkeskommune skal tilby fleire traineestillingar.</i> • <i>Vestland Fylkeskommune skal auke talet på lærlingar.</i>
2	<p>Fylkestinget syner til at det i 2020 har vore søknader på fleire breibandsutbyggingsprosjekt som ikkje har fått støtte, og at behovet er større enn løyvingane. Fylkestinget vil i komande handsaming av rekneskap 2020 setje av deler av forventa overskot til breibandsutbygging.</p>

3	<p>Fylkestinget syner til administrativt innsparingsprogram som tilrår ei innsparing i administrative kostnader i 2021 på 30 mill.kr. Fylkesrådmannen skal konkretisere dei ulike innsparingstiltaka framover.</p> <p>Som grunnlag for å konkretisere innsparingstiltaka skal fylkesrådmannen med ekstern bistand gjennomgå Vestland fylkeskommune si organisering for å sikre ein tenleg og effektiv organisasjonsstruktur, regional balanse og merksemd på digitalisering.</p> <p>Organisasjonsgjennomgangen skal mellom anna vurdere;</p> <ul style="list-style-type: none"> • organisasjonsstruktur inkl storleiken på seksjonar/einingar, kontrollspenn og omfang av lokale stabsfunksjonar inkl merkantile ressursar • fordeling av ressursar og ansvar/oppgåver mellom sentrale og lokale stabsfunksjonar i administrasjonen og ytre einingar • organisatorisk effektivitet knytt til noverande innretting med delte kompetansmiljø versus geografisk samling av ulike fagmiljø («Center of expertise») • område med potensiale for digitalisering. • det er ein føresetnad at den desentraliserte strukturen vert vidareført <p>Det er ein føresetnad at tiltak gjennomførast i dialog med tillitsvalde og innanfor arbeidsmiljølovens ramme og det er ein føresetnad at den desentraliserte strukturen vert vidareført.</p>
4	<p>Fylkestinget meiner det er viktig for den enkelte ungdom og foreldre å skape tryggleik rundt busituasjon og fritid når ein bur borte frå heimen for å ta vidaregåande opplæring.</p> <p>Fylkestinget ber fylkesrådmannen kartlegga tilhøva for hybelbuarar i Vestland og komma attande med ei sak som syner korleis ein kan betra tilhøve for hybelbuarar gjennom bruk av miljøkoordinatorar eller andre sosiale tiltak. (Innan juni 2021).</p>
5	<p>Vestland Fylkesting har ei målsetjing om at vi skal auka gjennomføring og få fleire ut i lære på yrkesfag. Særskilt viktig er det å lykkast i overgangen frå vg2 til lærling.</p> <p>Fylkestinget ber fylkesrådmannen syta for at erfaringane frå prosjektet auka gjennomføring- fleire ut i lære frå tidlegare Hordaland og arbeidslivskontaktane i tidlegare Sogn og Fjordane,</p> <p>vert lagt til grunn for skulane og rettleiingstenestene sitt arbeid for å sikre overgangane.</p>
6	<p>Fylkestinget syner til budsjettet der elev-pc - egedel vert vidareført på kr 2 000,- og gjeld for heile Vestland.</p>
7	<p>Fylkestinget syner til at Vestland Fylkeskommune har mykje dårleg fylkesveg og det er eit stort behov for oppgradering på ei rekke vegar. Ekstra midlar på posten mindre utbetringar (21,1 mill) skal dirfor nyttast til enklare utbetringar på ulike strekningar på fylkesvegnettet kan betra</p> <p>trafikktryggleiken som til dømes sikt, kurvatur og vegbreidd.</p>

8	<p>Fylkestinget syner til at Regjeringa i sitt framlegg til statsbudsjett kutter løyvinga til oppfylgning av tunnelsikkerhetsforskrifta tilsvarande 21,1 mill for 2021. Vestland fylke er mellom dei fylka i Noreg som flest tunnelar som treng oppgradering etter forskrifta. Vestland fylke er i ein svært krevjande økonomisk situasjon, der ein i åra framover skal redusere driftsbudsjett og unngå ein kritisk høg gjeldsgrad. På bakgrunn av det kan ein ikkje fortsette å nytte meir midlar til tunnelsikring enn det som vert løyvd over statsbudsjettet då dette vil gå ut over anna drifts- og investeringsoppgåver. I 2021 skal fylkestinget handsame Regional Transportplan og fylkestinget vil der ta ei totalvurdering på kva for prosjekt som bør prioriterast både når det gjeld tunnelsikring, rassikring, vegvedlikehald, ferjeavløysing og andre prosjekt på fylkesvegnettet.</p> <p>Fylkestinget ber difor om at prioritering av tunnelsikringsprosjekt vert ein del av denne planen,</p> <p>og at ein justerer framdrifta på dette arbeidet etter kva ein kan forvente av løyvningsnivå.</p>
9	<p>Fylkestinget syner til Stortinget sitt bompengeforlik og byvekstavtala der Vestland fylke har forplikta seg til å redusere takstane på periodekortet på buss og bybane tilsvarande dei statlege løyvingane. Dette vert gjort. Samstundes har Vestland fylke høve til årleg å justere kollektivprisar i tråd med pris og kostnadsvekst. Samarbeidspartia er einig om at ein for 2021 ikkje skal auke prisen på einskildbilletten. Ein ber om at iverksetting av prisreduksjonen vert</p> <p>gjennomført så fort som mogleg.</p>
10	<p>Fylkestinget syner til at ein har hatt ulike ordningar for ungdomskort i dei gamle fylka. Fylkestinget innfører sams ungdomskort i heile Vestland med Hordaland si aldersgrense (inntil fylte 21 år) og pris med verknad frå same tidspunkt som andre taksendingar trer i kraft.</p>
11	<p>Fylkestinget syner til debatten kring innfartsparkering i og rundt Bergen. Fylkestinget legg ikkje opp til at dette vert innført i 2021, men ber om at ein kjem attende med ei sak til SAMMO og FU om trafikale og økonomiske verknader for tiltaket. Fylkestinget ber og om at ein går i dialog med aktuelle kommunar om saka.</p>
12	<p>Fylkestinget syner til at dagens overgangsordning på TT arbeidskøyning (tilrettelagt transport) blir vidareført i budsjett 2021 for dei kommunane som tidlegare har fått dekkja dette av fylkeskommunen.</p> <p>TT-ordninga er svært viktig for mange funksjonshemma som ikkje har høve til å nytta kollektiv transport til arbeid. Både for brukarane og familiane deira er dette eit avgjerande tilbod i kvardagen. Vestland vil halda fram dialogen med dei kommunane der fylkeskommunen i dag dekkjer dette tilbodet. Inntil ein avtale med desse kommunane er på plass vil fylkeskommunen dekkja kostnadane ved tiltaket og føreset at dette vert løyst innanfor ramma til kollektiveininga.</p>
13	<p>Fylkestinget syner til at fylkesrådmann i sitt framlegg har lagt opp til å auke kostnaden med billettkontroll med 6 mill. kr. Fylkestinget avviser denne auken.</p>
14	<p>Fylkestinget føreset at det snarast blir lagt fram ei sak om oppstart av KS2 for Atløysambandet, og om ein finansieringsmodell for rask gjennomføring av prosjektet med ferjeavløysingsmidlar, jmf nye statlege retningslinjer for forbetring av ferjeavløysingsordninga. Fylkestinget syner til at</p> <p>det er sett av 1 mill til KS2.</p>
15	<p>Fylkestinget ber om at ein i fastsetting av leiarløner gjennomfører ei moderat og rimeleg linje og at ein ikkje er lønsleiande, samt at ein ser til det totale lønnsnivå i organisasjonen.</p>

16	Fylkestinget syner til transporttilbodet «servicelinjen i Bergen», og føreset at dette tilbodet vert vidareført innanfor ramma til kollektiveininga inntil eit anna tilbod er på plass jamfør tidlegare avtalar om dette mellom fylkeskommunen og Bergen kommune.
----	--

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.11.2020

Stian Jean Opedal Davies, A, sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag:

«Hovudutval for kultur, idrett og integrering tek saka til vitande»

Avrøysting

Davies sitt forslag vart samrøystes vedteke

Uttale

Hovudutval for kultur, idrett og integrering tek saka til vitande.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.11.2020

Alexander Fosse Andersen, SP, sette på vegner av SP, A, MDG, SV og KrF fram slikt forslag:

«Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saka til vitande.»

Jeanette Syversen, R, sette fram slikt forslag:

«OPKO tar saka til vitande.»

Avrøysting

Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Det vart ikkje røysta over Syversen sitt forslag.

Innstilling til fylkesutvalet

Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saka til vitande.

Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 25.11.2020

Jana Hoff Middelfart (H) sette fram slikt forslag:

”Alternativ:

Utvalget tar det fremlagte budsjettet med tilhørende økonomiplan til orientering. ”

Avrøysting

Midelfart sitt forslag fekk 7 røyster (U, H, Frp, 1SV) mot 8 røyster og fall.

Innstillinga frå finansutvalet fekk 9 røyster (A, Sp, SV, V, MDG, KrF) mot 6 røyster og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Budsjettdokumentet som vist i vedlegg til arbeidsdokument 6/20 er finansutvalet sitt framlegg til årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021 -2024 for Vestland fylkeskommune med desse endringane:

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.11.2020

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette på vegner av alle partia fram slikt forslag:

«Saka tas til vitande.»

Avrøysting

Bjørkly sitt forslag vart samrøystes vedteke som uttale.

Vedtak

Saka tas til vitande.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.11.2020

Terje Søviknes (Frp) sette på vegner av Frp fram slikt alternativt forslag:



Budsjett 2021

Økonomiplan 2021-24





1. Premissar

Fremskrittspartiet legg med dette fram alternativt Budsjett 2021 / Økonomiplan 2021-24 for Vestland fylkeskommune. Budsjettframlegget tek utgangspunkt fleritalsinnstillinga frå

Finansutvalet sitt møte 19.11.20. I praksis vert dette derfor eit alternativt til samarbeidspartia AP, SP, KrF, V, KrF og MDGs sitt budsjett. Der FrP har endringsframlegg i høve samarbeidspartia sitt budsjett er dette kommentert nærare under.

2. Overordna perspektiv

Etter fylkessamanslåinga står Vestland fylkeskommune overfor ei økonomisk utfordring som er tenkt løyst med eit nedtrekk i driftsbudsjettet på 100 mill kr pr år i valperioden. Hovudutfordringa skuldast auka kostnader til ferjedrifta pga nye miljøkrav, men den nye fylkeskommunen kjem også noko dårlegare ut av inntektssystemet enn dei to gamle fylkeskommunane gjorde kvar for seg. I tillegg må den nye organisasjonen hente ut synergieffektar av samanslåinga frå to til eit fylke. Samarbeidspartia sin tilnærming til miljøkrav i nye snøggåtanbod legg også opp til kostnadsauke i perioden framover.

I sum står ein økonomisk overfor ei krevjande oppgåve som krev evne og vilje til tydeleg politisk prioritering.

FrP legg til grunn at alle verkemiddel må vurderast for i sikra Vestland fylkeskommune ein sunn driftsøkonomi i framtida, men vil særleg peika på følgjande område;

- Endra arbeidsmetodikk, effektivisering, digitalisering
- Lovfesta oppgåver vs ikkje lovpålagte oppgåver
- Tenestestruktur og harmonisering av tenester
- Utnytta inntekspotensialet i den fylkeskommunale verksemda
- Vurdera kostnadsnivå og realiseringstidspunkt for investeringsprosjekt
- Konkurransen i tenesteproduksjonen
- Effektiv innkjøpsstrategi
- Sal av eigedom og eigedelar fylkeskommunen ikkje nyttar i tenesteproduksjonen □
Gjennomgang av alle tilskotsordningar

Som tenesteproducent er fylkeskommunen også ei arbeidsintensiv verksemd. Å kutta 4-500 mill kr i drifta vil difor ikkje kunne skje utan reduksjon i samla årsverk i den fylkeskommunale organisasjonen. Ved samanslåing av to store organisasjonar ligg det alltid eit potensiale for å ta ut stordriftsfordelar, fjerna dobbeltarbeid, vidareføra beste praksis, implementera ny arbeidsmetodikk og nye IT-system. Dette potensialet må realiserast om ein skal lukkast i å styrkja fylkesøkonomien i valperioden, og som del av budsjettarbeidet er det etablert eit administrativt innsparingsprogram.

FrP meiner imidlertid at ein bør gå raskare fram i høve å redusera tal årsverk i organisasjonen, og har derfor lagt inn eit generelt nedtrekk i stillingar med 25 mill kr i 2021. Om ein legg til grunn at dette er halvårsverknad vil eit slikt nedtrekk gje 50 mill i reduserte kostnader i 2022.

FrP legg derfor til grunn at nedbemanningsprosessen vert gjennomført i eit solid 3partssamarbeid mellom politikk, administrasjon og. Erfaring frå liknande prosessar i offentleg sektor syner at ønska effekt i stor grad kan realiserast gjennom naturleg avgang, intern omplassering, stillingsbank, seniortiltak osv.

FrP vil vidare leggja følgjande prinsipp til grunn i arbeidet med å betra den fylkeskommunale økonomien;

- I størst mogleg grad skjerma tenestetilbodet til den einskilde innbyggjar - ta kutt i administrasjon framfor den ytre tenesteproduksjonen
- Prioritere hovudoppgåvene fylkesveg, kollektiv og vidaregåande skule framfor andre oppgåver
- Utnytta inntekspotensialet i knytt til tenestemråda i fylkeskommunen - t.d. reklameinntekter knytt til kollektivsektoren

3. Driftsbudsjett

FrP sine omprioriteringar i driftsbudsjettet i høve budsjettframlegget frå samarbeidspartia kjem fram av tabellen under. Nokre tiltak er nærare kommentert nærare under tabellen.

Område	1000 kr	
4.1 Politisk styring og kontrollorgan		
Reise og kurs	-1 000	
Reduksjon i politikargodtgjørelse 5%	-2 000	
Endring ramme	-3 000	-3 000
4.2 Organisasjon og økonomi		
Endring ramme		0
4.4 Opplæring og kompetanse		
Økt ramme Videregående opplæring (klasser/studietilbud)	20 000	
Samarbeid Dale Oen-stiftelsen (motvirke frafall i VGS)	2 000	
Reversere bruk av fond videregående skoler	15 000	
Endring ramme	37 000	37 000
4.5 Mobilitet og		

kollektiv		
Avventer omprofilering Kringom	-5 000	
Reklame i kollektivsektoren	-40 000	
Autodiesel i stedet for biodiesel buss	-23 500	
Krokeide - Hufthamar, to søndagsferger heile året	2 000	
Ikke fjerne arbeidskjøring TT-ordningen	8 000	
Endring ramme	-53 500	-53 500
4.6 Infrastruktur og veg		
Økt reasfaltering fylkesvei	10 000	
Endring ramme	10 000	10 000
4.7 Kultur, idrett og inkludering		
Udisponert ramme	-2 600	
Tilskudd U23 EM friidrett i Bergen	2 600	
Tilskudd Sentralbadet scenekunsthuss	-5 000	
Generelt nedtrekk kultursektoren	-15 000	
Endring ramme	-20 000	-20 000
4.9 Innovasjon og næringsutvikling		
Udisp. på næringsområdet	-2 400	
Prosjekt Marin Satsing 2020-2030	2 400	
Fra Havbruksfondet --> Prosjekt Marin Satsing (total 7,4 mill kr)	5 000	
Vite Meir - Kaupanger	5 000	
Endring ramme	10 000	10 000
Generelt		
Reduksjon i administrative stillinger (fordeles på sektorene)		-25 000
Redusert forventning fergekompensasjon		55 000
Redusert avsetning til disposisjonsfond		-10 500
Sum endring		0

På 4.1 Politisk styring og kontrollorgan reduserer FrP 1 mill kr på reiser og kurs. I tillegg må også politisk nivå ta sin del av kostnadsreduksjonen i VLFK, og politikargodtgjerslene vert difor regusert med 5% tilsvarande 2 mill kr.

På 4.3 Opplæring og kompetanse ynskjer FrP å skjerme studietilbodet i vidaregåande skule, og har difor reversert kuttet på 20 mill kr til vidaregåande opplæring. I tillegg ynskjer vi ikkje å tape fonda som dei vidaregåande skulane har spart opp. Her legg samarbeidspartia opp til ein kortenkt og uheldig praksis som ikkje vil stimulera dei vidaregåande skulane til å driva effektivt og skapa inntekter frå oppdragsverksemd. FrP legg også inn 2 mill kr til eit prosjekt saman med Dale Oenstiftelsen for elevar som står i fare for å falla ut av vidaregåande skule.

FrP meiner også at Vestland fylkeskommune i samband med avvikling av SAMSvegadministrasjon frå 01.01.20 bør utarbeida ein ny strategi for fylkeskommunen som vegeigar, og fremjar difor eit eige verbalforslag på dette (sjå under). Målsettinga for dette arbeidet er å få meir veg for pengane gjennom enklare løysingar, dispensasjonar frå vegnormalane, samarbeid med kommunar og næringsliv m.m.

På 4.5 Mobilitet og kollektiv avventar FrP det tillyste arbeidet med harmonisering av takstregimet i heile fylket. I dette arbeidet må ein sjå det store biletet både i høve tilbodsstruktur i Bergensområdet og i distrikta, frekvens vs pris, krav til miløteknologi osv.

Vi fremjar også opp at framlegget om å opne for reklame innan kollektivsektoren;

- Reklame på buss, båt og ferje - dette kan gje ekstra inntekter på fleire titalsmillionar kroner til kollektivsatsinga i fylket (sjå eige verbalforslag). Dette tiltaket vil ikkje gje full effekt i 2021, men vi har lagt inn 40 mill kr for å synleggjera potensialet i å utnytte dette inntekspotensialet.

For å redusera kostnader legg vi også til grunn at ein nyttar autodiesel i staden for biodiesel i bussektoren. Vi utsett også omprofilering av Kringom til det er naturleg i samband med utskifting av materiell.

Vi opprettheld også transporttilbodet til arbeidstakarar som er tilsett i ASVO-verksemdene i ordninga med Varig Tilrettelagt Arbeid (VTA-plassar). Dette er eit tenestetilbod som er heilt avgjerande for livskvaliteten til desse innbyggjarane.

På 4.6 Infrastruktur og veg aukar FrP løyvinga til vegvedlikehald og reasfaltering av fylkesveg med 10 mill kr.

På 4.7 Kultur, idrett og inkludering legg FrP inn eit generelt kutt på 15 mill kr for å finansiere opp meirkostnaden på vidaregåande skule. FrP legg opp til at ein ved fordeling av budsjettkuttet skal skjerma kulturhistoriske museum, arbeid med kulturarv/fartøyvern og tiltak for barn og unge.

På 4.9 Innovasjon og næringsutvikling legg FrP inn 7,4 mill kr til Prosjekt Marin satsing. Skal dette prosjektet lukkast må også Vestland fylkeskommune stilla opp med midlar i ulike spleiselag med akvakulturnæringa og andre samarbeidspartar.

I tillegg fører FrP opp 5 mill kr til ViteMeir - vitensenteret i Sogndal. I 2021 skal 4 mill kr gå til oppbygging av installasjonane, medan 1 mill kr går til drift. For at senteret skal få statleg tilskot til drift må lokal driftsfinansiering utgjera 20% av det samla driftsbudsjettet. På sikt må VLFK vurdere ei harmonisering av sine driftstilskot til Vil Vite i Bergen og ViteMeir i Sogndal.

4 Investeringsbudsjett

Koronapandemien gjer store negative ringverknader for næringslivet, og dermed sysselsettinga i regionen. FrP meiner difor at Vestland fylkeskommune bør framskynda nokre større samferdsle prosjekt for å auka aktiviteten i anleggsbransjen.

Vi framskandar difor FV 614 Svelgen-Indrehus og FV 49 Tokagjelet. I tillegg legg FrP til grunn at Atløy-sambandet etter KS2 kan finansierast opp basert på fergeavløysingsordninga. Vi legg også inn ein generell post til fergeavløysingsprosjekt i fylket med 5 mill kr til plan- og utgreiingsmidlar i 2021 og 100 mill kr kvart år i resten av økonomiplanperioden.

FrP legg også inn 2 mill kr ekstra til kvalitetssikring/oppgradering av eldre reguleringsplanar for å sikra mindre prosjekt på fylkesvei vert klargjort for realisering, t.d. FV 402 frå FV 57 til Seim skule i Alver kommune.

Auka kapitalkostnader knytt til investeringsprosjekta vert innarbeid i økonomiplanperioden, og finansiert gjennom reduserte avdrag på den samla låneporteføljen/ reduserte avsetningar til disposisjonsfond.

Tiltak	2021	2022	2 023	2 024
Skilting bygg	-15,4			
Framtidige bompengeprojekt	-10	-50	-50	-50
Bybane byggetrinn 5		-40	-80	-80
FV 614 Svelgen - Indrehus	10	500	500	450
Fergeavløysing	5	100	100	100
Atløy-sambandet (KS2)	2,5			
Planmidler (kvalitetssikring reg.planer)	2			
FV 49 Tokagjelet		50	200	500
Sum	-5,9	560	670	920

5 Verbalforslag

Nedanfor følgjer verbalforslag som FrP ynskjer separat votering over under handsaminga av Budsjett 2021 / Økonomiplan 2021-23 i fylkestinget.

5.1 Sunnfast

Smart/teknologisk er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit middel for å nå måla. Teknologien kan bidra til å gjere mobilitet både tryggare, meir effektiv og meir miljøvenleg. Administrasjonen held no på med ei kartlegging av dei teknologiske trendane, og korleis Vestland kan legge til rette for og utnytte teknologien på best måte.

Særinteresser bør ikkje vere omtala i hovudmålet til RTP. Planperioden er 12 år, og med ein så lang tidshorisont er det viktig at hovudmålet ikkje legg føringar på enkeltprosjekt.

Plantema

Under presenterer fylkesrådmannen ei retning for kvart av plantema. Det vil kunne bli behov for justeringar undervegs i prosessen.

Fylkesvegnettet

Fylkesvegnettet skal vere trygt å ferdast på, dette er ei av dei viktigaste oppgåvene fylkeskommunen har. I tillegg skal vi finne smarte og klimavenlege måtar å både planlegge, bygge, drifte og vedlikehalde fylkesvegnettet. Grunna ein økonomisk krevjande situasjon vil vi som hovudregel prioritere vedlikehald og klimatilpassing framfor bygging av nye fylkesvegar. Vi skal ta i bruk ny teknologi og nye løysingar der dette er hensiktsmessig.

Faglege grunnlag for skred, tunnel, bru og kai

Administrasjonen arbeider med å få på plass faglege grunnlag for skredsikring, tunneloppgradering, vedlikehald av bruer og kaier. Desse faglege grunnlaga skal ligge til grunn for prioriteringane i handlingsprogrammet til RTP. Administrasjonen jobbar vidare med korleis desse skal sjåast i samanheng med dei strekningsvise utgreiingane og kartlegginga av viktige vegar for næringslivet. Fleire av dei faglege grunnlaga har allereie vore drøfta i hovudutval for samferdsel og mobilitet.

I PS 70/2020 i hovudutval for samferdsel og mobilitet la fylkesrådmannen fram ei sak om prinsipp for vidare arbeid med skredsikring. Arbeidet tek utgangspunkt i «Skredsikringsbehov for riks- og fylkesvegar i Region Vest» (desember 2019) og prinsippa i vegnormalen «Håndbok N200 - 208 Sikkerhet mot skred». Skredpunkt med særskilt høg verdi på kriteria skredfare, trafikkmengd og lokale og regionale konsekvensar av stengd veg vil bli foreslått prioritert.

I PS 72/2020 i hovudutval for samferdsel og mobilitet la fylkesrådmannen fram ei sak om prinsipp for vidare arbeid med tunneloppgradering. Hovudutvalet stilte seg bak prioriteringskriteria som vart lagt til grunn for arbeidet med handlingsprogrammet, med særskilt fokus på tunnelane med høg verdi på kriteria ÅDT, lengde og stigning.

I PS 97/2020 i hovudutval for samferdsel og mobilitet la fylkesrådmannen fram ei sak om prinsipp for vidare arbeid med handlingsplan for bru og ferjekai. Hovudutvalet stilte seg bak prioriteringskriteria om at bruer med høg skadeprioritet skulle særleg prioriterast, samt store bruer og bruer med spesielt vedlikehaldsbehov. Av ferjekaier skal kaier som står i fare for å verte stengt på grunn av manglane vedlikehald prioriterast.

Trafikktrygging

Trafikktrygging er eit gjennomgåande tema i RTP. Administrasjonen har sett i gong eit arbeid med eit handlingsprogram for trafikktrygging. Arbeidet konsentrerer seg i stor grad om korleis fylket skal nå etappemålet om maksimalt 44 drepne og hardt skadde på vegane i Vestland innan 2030. Handlingsprogrammet skal mellom anna følgje opp tilstandsmål og fylkeskommunale tiltak i *Nasjonalt tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg (2018 - 2021)*. Handlingsprogrammet vil vere fylkeskommunen sitt viktigaste verktøy for å utdøva ansvaret etter vegtrafikklova §40a om å tilrå og samordne tiltak for å fremme trafikktryggleiken i fylket.

Strekningssvise utgreiingar

Med grunnlag i resultat frå pågåande arbeid med faglege grunnlag frå skred, tunnel og bru, kai - skal strekningsvise utgreiingar foreslå tilrådingar på regionalt viktige gjennomgåande fylkesvegstrekingar. Dette med omsyn til forventna behov frå næringsliv og regional utvikling i Vestland. Utgreiingane vil være ei digital framstilling av rapport og søkbare temakart.

Mobilitet og kollektivtransport

I plantema mobilitet og kollektivtransport vil hovudfokus vere berekraftig transport og tryggleik. Det skal vere trygt å ferdast, også som mjuk trafikant. Gjennom strategi for berekraftig mobilitet vil vi sette retning for eit berekraftig og samanhengande mobilitets- og kollektivtilbod i Vestland.

God mobilitet er også med på å stø opp under satsinga på folkehelse. Det er viktig for at alle skal kunne ta del i verdiskapinga og kunne delta på ulike arenaer.

Strategi for mjuke trafikantar

Strategien skal omtale dei fylkeskommunale verkemidla for å få fleire til å gå og sykle. Den skal også omtale når og korleis vi skal prioritere bruken av dei fylkeskommunale verkemidla. Det inneber at vi må omtale bygging, vedlikehald og drift av anlegg, men også at den skal omtale dei mjuke tiltaka som europeisk mobilitetsveke, sykkelbyavtalar med meir.

Føremålet med strategien for mjuke trafikantar er at fleire skal gå og sykle i staden for å nytte bil. Strategien legg opp til to satsingsområde

- Barn og unge
- Mjuke trafikantar i byar og senter og tettstader

Elevreiser

Fylkeskommunen har sett i gang eit arbeid med å hente inn informasjon om elevar i barne- og ungdomskulen sine reisevanar på skulevegen. Arbeidet inneber både ei kartlegging av elevar sine reisevanar, samt at vi har henta ut data frå Skyss sine system om kor mange som har rett på skuleskyss. Førebelse resultat viser at det vi ligg langt bak den nasjonale målsettinga om at 80% av barn og unge skal gå eller sykle til skulen. Elevreiser vil vere eit tema i strategi for mjuke trafikantar.

Skreddarsydde reisetilbod og skuleskyss

Administrasjonen utarbeider oversikt og hentar inn erfaringar frå skreddarsydde reisetilbod og pilotar frå heile landet. Ulike tilbod blir definert og sett opp mot ulike målgrupper og geografiar. Det blir lagt særleg vekt på born og unge som målgruppe, og deira reisebehov utover reisa til og frå skulen. Slik blir denne utgreiinga kopla saman med utgreiingsbehova om skuleskyss. Her ser ein på kva tilbod born og unge får gjennom den lovfesta retten til skuleskyss, og korleis ein særleg gjennom skreddarsydde tilbod betre kan dekke behovet born og unge har til fritidsreiser. Resultata vil bli brukt inn i revisjon av kollektivstrategien.

Strategi for berekraftig mobilitet

Skyss har fått oppdraget med å utarbeide eit strategisk styringsdokument som skal vere ein revisjon av gjeldande kollektivstrategi for Hordaland, ta inn over seg nye trendar, kollektivfaglege utfordringar i heile Vestland, i tillegg til nye behov knytt til at to fylke er slått saman til ein større region.

Arbeidet er starta opp og har fastsett foreløpig fire sentrale innsatsområde: Den reisande, Transporttilbodet, Digital transformasjon og Samarbeid og forretningsmodell. Det føreligg eiga sak om dette arbeidet i same møte.

Kollektivtransport på sjø

Det er gjennomført mange utgreiingar og presentert ulike konsept kring tema båttransport og teknologi, energibruk, utslepp, kapasitet m.v. Det blir no gjort ei kartlegging av utgreiingane som er gjort av kollektivtransport på sjø, til dømes i Bergen kommune, frå andre kommunar og frå ulike kommersielle aktørar/klynger. Det vil bli strukturert og kategorisert ulike typar driftskonsept med vekt på formål, konsept, reisebehov, tidsperspektiv, brukargruppe, næringsliv og reiseliv. Ein skal i tillegg sjå konseptta opp mot prinsipp og prioriteringar i revisjonen av kollektivstrategien.

Drosje

Frå 1.november 2020 trådte endringane i yrkestransportloven og yrkestransportforskriften i kraft. Vestland fylkeskommune starta allereie januar 2020 med å følgje opp og kartlegge drosjemarknaden. Administrasjonen har sidan 1.november 2020 identifisert 10 kommunar som er i faresona for dårleg drosjetilbod.

Administrasjonen held også på med ei utgreiing om korvidt det er teknisk mogleg og økonomisk forsvarleg å innføre krav til nullutslepp til drosjenæringa i nord-delen av Vestland. Utgreiinga skjer i tett dialog med næringa. Forskriften vert sendt på høyring til drosjenæringa og kommunane i februar 2021. I følgje regelverket er overgangstida på minimum fire år.

Miljøløftet

For plantema Miljøløftet ønskjer administrasjonen at RTP vidarefører nullvekstmålet som er hovudmålet i avtalen mellom staten, kommunane og fylkeskommunen.

Byutgreiing

I samband med utgreiingsbehovet *sikra mobilitet og samstundes oppnå nullvekst innanfor heile avtaleområdet* skal byutgreiinga frå 2017 reviderast. Byutgreiinga skal modellere ulike transportformer og verkemiddel for korleis vi kan nå nullvekstmålet utan at det skal redusere mobiliteten til innbyggjarane i avtaleområdet. Byutgreiinga vil vere klar 15.februar. Den vil vere noko enklare i formen enn tidlegare byutgreiingar.

Framkome og finansiering av kollektivtrafikken

Det vert også arbeida med å kartlegge ulike framkometiltak for kollektivtrafikken, og kvar dei ulike verkemidla bør nyttast. Gjennom midlar frå KMD skal vi også sjå på ulike verknader av korona for kollektivsystemet vårt, inkludert eit scenarie med varig låge billettinntekter og moglege alternative finansieringskjelder.

Innfartsparkering

I PS 93/2020 i hovudutval for samferdsel og mobilitet la fylkesrådmannen fram ei sak om betalingsløysingar på innfartsparkeringane i bynære område. Saka vart utsett. I samarbeid med Miljøløftet vil administrasjonen utarbeide eit forslag til strategiske retningslinjer for fagområdet innfartsparkering innanfor heile avtaleområdet. Det føreligg eiga sak om dette arbeidet i same møte.

Finansiering

I plantema finansiering legg administrasjonen vekt på korleis vi skal jobbe for å nå hovudmålet, gitt dei knappe økonomiske ressursane vi har til rådighet. Plantema har som mål å finne løysingar som kan bidra til målsettingar i heile planen.

Meir veg for pengane

Det er nasjonale forventningar og målsettingar om at vi skal få meir att for dei pengane vi investerer. Administrasjonen jobbar med eit fagleg grunnlag for meir veg for pengane. Ein viktig del av arbeidet er å kartlegge handlingsrommet. Det vert jobba med å kartlegge handlingsrommet både når det gjeld handsaming av fråvik frå vegnormalen, val av vegstandard og i prosjektfasen. Administrasjonen jobbar også med å vurdere buken av nye kontraktsformar for entreprisar.

Spleiselagsfinansiering / Samfinansiering

Det vert også arbeidd med å vurdere strategi for bompengefinansiering og anna samfinansiering. I første rekkje gjeld dette bompengefinansiering, men det er også teke opp andre tema som kommunal og privat delfinansiering og utbyggingsavtalar.

Ferjeavløysing

I RS 63/2020 i hovudutval for samferdsel og mobilitet orienterte fylkesrådmannen utvalet om status og konsekvensar av endringane i retningslinjene for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer.

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) har no fastsett nye retningslinjer for ferjeavløysingsmidlar. Fylkeskommunen har bedt KMD om å oppdatere anslag på midlane for dei einskilde prosjekta. Ferjeavløysingsprosjekt KMD har ikkje lagt fram forslag til rentekompensasjonsordning, difor har vi ikkje oversyn over dei endelege kompensasjonsnivået for ferjeavløysingsprosjekt. Ytre Steinsund bru (Sak 155/2020) vart vedteke i fylkestinget 16.12.2020.

Nasjonale ansvarsområde

I plantema Nasjonale ansvarsområde ønsker administrasjonen å forankre prioriteringane til Vestland fylke når det gjeld tema som staten har ansvar for. RTP skal også omtale korleis fylkeskommunen skal jobbe for å få realisert desse prioriteringane. Formålet med arbeidet er at Vestland fylkeskommune skal ha gjennomslagskraft for statlege infrastrukturprosjekt og for rammevilkår tilpassa Vestland sine utfordringar innan samferdsel. Framtidig struktur for samhandling med Statens vegvesen må også avklarast.

Fram mot vedtak av ny Nasjonal transportplan jobbar administrasjonen med utgangspunkt i vedtaket som blei fatta i fylkestinget i mai 2020, PS 24/2020, om prioriteringar av store nasjonale prosjekt i Vestland.

I PS 109/2020 i Fylkestinget la fylkesrådmannen fram ei sak om deltaking i kontaktutval og pådrivarselskap. I vedtaket vart alle tidlegare medlemskap i dei to fylkeskommunane vidareført.

Teknologi

På tvers av alle plantema vert det jobba med ein teknologirapport som ser på teknologiske trendar innan mobilitet, og vil skissere ulike framtidsscenario, og omtale korleis fylkeskommunen bør rigge seg for å handtere desse endringane. Prosjektet er eit samarbeid mellom fylkeskommunen og ITS-Norge. Eksterne aktørar vert invitert med i arbeidet.

Framdrift i arbeidet med Regional transportplan 2022 - 2033

Det vil bli lagt fram politiske løypemeldingar med ulike tema som skal inn i RTP. Formålet med desse løypemeldingane er å sikre politisk forankring i arbeidet med RTP, og gi eit større politisk eigarskap til planen.

Det ligg mykje politikk i RTP, og fylkesdirektøren ønsker at politikarane gir si tilslutning til den vidare prosessen og dei ulike utvala si rolle.

Fylkestinget (FT) får planen til endeleg vedtak i desember 2021.


Fylkesutvalet (FUV) har ei koordinerande rolle etter at planutvalet vart lagt ned. Fylkesutvalet vil få samsaker om RTP og gjere prosessvedtak på desse. Det gjeld saker om mål, delmål og strategiar.

Hovudutval for samferdsel og mobilitet (SAMO) har det faglege ansvaret for planen og vil difor få løypemelding på ei rekke saker som skal omtalast i RTP. Administrasjonen har gjennom desse sakene behov for at SAMO er orientert om, og sluttar seg til planarbeidet.

Nokre særskilte tema, som skredsikring og tunneloppgradering, har store økonomiske konsekvensar, og det er kamp om midlane. Desse sakene vil difor løftast særskilt til fylkesutvalet. Sakene skal gjere greie for arbeidet, og FUV blir bedt om å ta stilling til prioriteringskriteria. Formålet med desse sakane er å forenkle den endelege handsaminga av RTP i fylkestinget.

Fyrste komplette planutkast, vil kome til politisk handsaming i mai (SAMO) og juni (FUV), då det skal sendast på høyring. Det er RTP, strategiane og eit handlingsprogrammet som skal på høyring.

I følgje lovverket kjem det tydeleg fram at handlingsprogrammet for gjennomføring av planen skal vere ein del av regional plan og utarbeidast, behandlast og vedtakast samstundes som resten av planen. Handlingsprogrammet vil i fyrste omgang vere eit forenkla handlingsprogram.



Tidspunkt for saker til politisk handsaming av tema knytt til RTP

Tidspunkt	Sak	Vedtak
Januar 2021	Løypemelding og hovudmål (FUV)	Fastsette hovudmål i RTP
	Strategi for mjuke trafikantar (SAMO)	Gje tilslutning til rammene i strategi for mjuke trafikantar
	Strategi for berekraftig mobilitet (SAMO)	Gje tilslutning til rammene i kollektivstrategien
Februar 2021	Meir veg for pengane (SAMO)	Orientering om prosjektet «Meir veg for pengane»
	Rapport om eineretar på drosje	Referatsak om arbeidet med eineretar
Mars 2021	Teknologi-rapport (SAMO)	Orientering om innhaldet i teknologirapporten
April 2021	Løypemelding og delmål i RTP (FUV)	Fastsette delmål i RTP
	Fagleg grunnlag for skredsikring (SAMO)	Fastsette tilråding for arbeidet med skredsikring
	Fagleg grunnlag for tunneloppgradering (SAMO)	Fastsette tilråding for arbeidet med tunneloppgradering
	Fagleg grunnlag for bru og kai (SAMO)	Fastsette tilråding for arbeidet med vedlikehald av bruer og kaier
Mai 2021	Høyringsutkast RTP	SAMO innstiller til FUV om å sende planutkast på høyring
Juni 2021	Planutkast på høyring og handlingsprogram (FUV)	FUV sender planutkast på høyring
Juli 2021		
August 2021		
September 2021	Høyringsfrist	
Oktober 2021		
November 2021	Endeleg plan	SAMO og FUV sender innstilling av endeleg plan til FT
Desember 2021	Endeleg plan	FT vedtar Regional transportplan for Vestland

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.01.2021

Frank Willy Djuvik (Frp) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Ta inn ordet "effektivt" som del av målformuleringen.»

Mona Høgli (MDG) sette på vegner av MDG, SV, A, Krf og Sp fram slike forslag:

«Alternativ punkt 1:

Vestland skal ha eit trygt og framtidretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling.»

«Endring stikkord under Mål 2:

Endre frå «Bremse nedbygging av viktige naturområde, naturtypar og landskap» til «Begrense nedbygging av viktige naturområde, naturtypar og landskap»»

Gunnar Moland (H) sette fram slikt forslag:

«Tilleggsforslag i tabell under stikkordene til Mål 4:

Etter «Legge til rette for deltaking for alle aldrar.», tillegg: «og for menneske med nedsett funksjonsevne»»

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slike forslag:

«Tillegg under Mål 1:

«Sikre god lokal / regional konkurransekraft for næringslivet»

«Redusere reisetid»»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1 fekk 6 røyster (H, Frp og UA) og fall.

Høgli sitt forslag alternativ punkt 1 vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og UA).

Djuvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Høgli sitt forslag endring av stikkord vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og UA).

Moland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Framnes sine forslag vart begge samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet rår til at hovudmålet for Regional transportplan 2022 - 2033 for Vestland er:
«Vestland skal ha eit effektivt, trygt og framtidretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling.»
2. Stikkordstabell for kva som er viktig for å nå måla i utviklingsplan for Vestland, vert justert slik:
Tillegg under Mål 1: Sikre god lokal / regional konkurransekraft for næringslivet
Tillegg under Mål 1: Redusere reisetid
Endring under Mål 2: Begrense nedbygging av viktige naturområde, naturtypar og landskap
Tillegg under Mål 4: ... og for menneske med nedsett funksjonsevne
3. Fylkesutvalet sluttar seg til framdriftsplanen slik den er skissert i saksframlegget.

Saksnr: 2020/77152-16
Saksbehandlar: Arild Knapskog
Dato: 21.01.2021

Til: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Frå: Fylkesrådmannen

Orienteringar og diskusjon kring møteplanen 2021

Her vert det lagt opp til at rådet kan ha ein diskusjon om kva orienteringar rådet ynskjer seg på møta i det kommande året. Dette for at vi kan planleggje best mogleg til framtidige møte. Vedlagt ligg ei oversikt over planlagde politiske saker til folkevalde organ for våren 2021.

Vedlegg

- 1 Planlagde politiske saker til folkevalde organ - våren 2021

Saker	Hovudutval				Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring	Kultur, idrett og inkludering			

Avdeling for organisasjon og økonomi							
Juridisk							
Eigarstrategi Skyttel AS		17.02				02.- 03.03	
Eigarstrategi Grieghallen IKS						20.- 21.04	
Eigarstrategi Trivselshagen IKS	24.03					20.- 21.04	
Innkjøp							
Økonomi							
Finansrapport 2020						02.- 03.03	10.- 11.03
Strategi for konsesjonskraftforvalt.						02.- 03.03	10.- 11.03
Tertialrapport 1. tertial						01.- 02.06	16.- 17.06
Finansrapport 1. tertial						01.- 02.06	16.- 17.06
Årsrekneskap 2020						01.- 02.06	16.- 17.06
Økonomiplan 2022-2025	25.05	25.05	25.05	25.05	01.06	01.- 02.06	16.- 17.06
Eigedom							
Byggestart nye Førde vgs	17.02					02.- 03.03	10.- 11.03
Rom- og funksjonsprogram Kvam vgs	25.05					01.- 02.06	16.- 17.06
Politisk sekretariat							
Fullmakter til leiar av fylkesvalstyret og fylkesrådmannen						09.02 Fylkesvalstyret	
Stemmesetlar - opptrykk og kostnader							10.- 11.03 Fylkesvalstyret
Status vallister m.m.						11.05 Fylkesvalstyret	
Godkjenning av lister til Stortingvalet						01.06 Fylkesvalstyret	
Årsrapport 2020 - Klagenemnda							16.- 17.06
Revidert delgeringsreglement for folkevalde organ – godtgjersle og etiske retningslinjer						01.- 02.06	16.- 17.06

Saker	Hovudutval				Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring	Kultur, idrett og inkludering			

HR							
Internkontroll og statlege tilsyn 2020						01.-02.06	16.-17.06
Avdeling for infrastruktur og veg							
Rammer for uteservering ved fylkesveg i Bergen sentrum		12.01				19.01	
Driftskontrakt for Sogn		23.03					16.-17.06
Driftskontrakt Hardanger		23.03					16.-17.06
Handlingsprogram for trafikktrygging		25.05				01.-02.06	16.-17.06
Handlingsprogram for tunneloppgradering		27.04				11.05	16.-17.06
Handlingsprogram bru og kai		27.04				11.05	16.-17.06
Handlingsprogram for skredsikring		25.05				01.-02.06	16.-17.06
Strategi for mjuke trafikantar		08.09				21.-22.09	
Avdeling for innovasjon og næringsutvikling							
Naturressursar, landbruk og reiseliv							
Nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar			12.01				
Tiltakspakke reiseliv			12.01				
Høyring av forslag til forskrift om nasjonale tilretteleggingsmidlar til næringsutvikling og kompetanseheving			X				
NOU 2929:12 -Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn			12.01				
Handlingsplan landbruk 2021			17.02				
Innspel til jordbruksoppgjeret			17.02			02.-03.03	

Saker	Hovudutval				Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring	Kultur, idrett og inkludering			
Handlingsplan reiseliv 2021			17.02				
Tiltaksplan marint 2021			17.02				
Mineral-innsats			17.02			02.- 03.03	10.-11.03
Nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn			17.02				
Vedtekter fond – kompetanse og rekruttering							
Grøn vekst, klima og energi							
Forsking, kompetanse og internasjonalisering							
Mobilisering til forskning i reiselivet i Vestland fylke 2021-2022			x				
Verdiskaping i byar og regionar							
Høringsdokument regional plan innovasjon og næringsutvikling			12.01			19.01	
Tiltakspakke reiseliv			12.01				
Rapportering kommunale næringsfond korona			17.02				
Oppdragsbrev 2021 SIVA			17.02				
Oppdragsbrev 2021 Innovasjon Norge			17.02				
Handlingsplan innovasjon og næringsutvikling 2021-2031			17.02				
Planframlegg regional plan for innovasjon og næringsutvikling			25.05			01.-02.06	16.-17.06
Avdeling for kompetanse og opplæring							
OT-tiltak i Vestland fylkeskommune inkl. evaluering av produksjonsskolen	14.01					19.01	10.-11.03

Saker	Hovudutval				Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring	Kultur, idrett og inkludering			
Ny budsjettmodell for vidaregåande skular	17.02					02.-03.03	10.-11.03
Plan for kompetanseutvikling for vidaregåande opplæring	17.02						
Justering av opplæringstilbodet 2021/22	24.03						
Internasjonalt arbeid i opplæringssektoren	24.03					20.-21.04	
Mål og strategiar – handlingsprogram for vidaregåande opplæring i perioden 2021-25	24.03					20.-21.04	16.-17.06
Reisetidsgaranti for elevar i vidaregåande opplæring, jf. lokal forskrift om inntak og formidling	24.03					20.-21.04	16.06.21
Kvalitetsmeldinga for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune	Vår/Haust					x	x
Evaluering av skulefrukostordninga	Haust 2021					x	x
Avdeling for mobilitet og kollektivtransport							
Oppfølgingssak innfartsparkering		12.01					
Båtanbod i Sogn og Fjordane		12.01				09.02	
Prosess og rammeverk for utarbeiding av strategi for bærekraftig mobilitet		12.01				09.02	
Eigarstrategi Bybanen AS		12.01				09.02	
Sommarstenging Torget/Bryggen		17.02					
Handlingsprogram og årsrapport for Kollektivstrategien Hordaland		17.02				02.-03.03	16.-17.06
Avtalestruktur mellom Bybanen AS, Bybanen Utbygging og Skyss		17.02				02.-03.03	

Saker	Hovudutval				Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring	Kultur, idrett og inkludering			
Felles takst- og sonestruktur buss		23.03				20.-21.04	16.-17.06
Handlingsprogram miljøløftet		25.05				01.-02.06	16.-17.06
Bybanen BT5. Dag- eller tunnelloøysing		25.05				01.-02.06	
RTP på høyring		25.05				01.-02.06	
Trafikkplan Bergen sør, inkludert tilbudet på Bybanen linje 2		25.05				01.-02.06	
Korrespondansar i kollektivtrafikken, fagutgreiing		25.05				01.-02.06	
Utgreiing båtrute Sotra - Bergen		25.05				01.-02.06	
Evaluering av ferjeruter		25.05				01.-02.06	
Årlig ruteendring - orienteringssak		25.05				01.-02.06	
Avdeling for strategisk utvikling og digitalisering							
Midlar til Kompetansesenter mot seksuelle overgrep (tidlegare SMISO)						19.01	
Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Prosess for oppfølging						02.-03.03	
Klimaplan – Prosess og rammer for arbeidet						02- 03.03	
Handlingsprogram for folkehelse – Prosess og rammer						02.-03.03	
Tilskotsordningar innan stadutvikling, klima og folkehelse						02.-03.03	
Strategi for internasjonalt arbeid - Oppfølging (SUD koordinerer)	24.03	23.03	23.03	25.03			
Klimaplan – planprogram skal leggjast ut på høyring						20.-21.04	
Regionråd - driftsstøtte og eventuelle søkbare midlar						20.-21.04	

Saker	Hovudutval				Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring	Kultur, idrett og inkludering			

Avdeling for kultur, idrett og inkludering							
Arkiv							
Bibliotekutvikling							
Fordeling av budsjettposten Bibliotekprosjekt				13.01			
Tildeling Rom for møte - spillprosjektet				25.03			
Tildelingar tilskot til bibliotekprosjekt				28.04			
Strategisk plan for skulebibliotek i vgs	25.05			25.05		01.-02.06	16.-17.06
Idrett og friluftsliv							
Uttale tilskot statleg sikring av friluftsområder				25.03			
Tiltak i statleg sikra friluftsområde				28.04			
Tilskot plan for friluftslivets ferdselsårer				28.04			
Tilskot til friluftaktivitet				28.04			
Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet				28.04			
Arrangementstilskot nasjonale og internasjonale meisterskap				28.04			
Fordeling av spelemidlar til idretts- og friluftsanlegg				25.05		01.-02.06	
Fordeling investeringstilskot til idrettsanlegg				25.05			
Inkludering, strategi og analyse							
Antirasitisk sone - oppfølging				13.01			

Saker	Hovudutval				Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring	Kultur, idrett og inkludering			
Kontaktutval mellom innvandrere og styresmaktene (KIS)				17.02		02.-03.03	10.-11.03
Forslag til planprogram- regional plan for kultur, idrett og friluftsliv (høring)				17.02		02.-03.03	
Tilskot til inkludering og mangfold				25.03			
Tilskot til etablereropplæring for innvandrere				25.03			
Tilskot til mentor- og traineeordning for innvandrere				25.03			
Planprogram regional plan for kultur, idrett og friluftsliv				25.05		01.-02.06	
Kunst- og kulturutvikling							
Fordeling av budsjettposten Stønad etter vedtak. Tilskotsordninger og retningslinjer (profesjonell og frivillig)				13.01			
Tilskot til prosjekt og tiltak – profesjonell kunst og kultur				25.03			
Tilskot til prosjekt og tiltak – frivillig kulturliv				25.03			
Driftstilskot til kunst, kultur og idrett (budsjettvedtak 2022)				25.05	01.06	30.11	15.-16.12
Tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjoner				25.05			
Tilskot til kulturbygg				08.09			
Kulturelt utviklingsprogram (KUP)				08.09			
Kunstnarstipend				08.09			
Folkemusikkstipend				08.09			

Saker	Hovudutval				Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring	Kultur, idrett og inkludering			
Tilskot til vaksenopplæring				08.09			
Tilskot til prosjekt og tiltak – profesjonell kunst og kultur				13.10			
Tilskot til prosjekt og tiltak – frivillig kulturliv				13.10			
Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar				13.10			
Tilskot til regionale ungdomsparti				17.11			
Kulturformidling							
Avtale med TONO om bruk av musikk i DKS – reforhandlinger av avtale fra 2021				13.01			
Deltaking i POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi				17.02		02.-03.03	10.-11.03
Den kulturelle skulesekken, mandat for fagleg råd				17.02			
Den kulturelle skulesekken, fordeling spelemidler				26.05			
Den kulturelle spaserstokken, tilskot				08.09			
Ung kultur møttest 2022				08.09			
Kulturarv							
Tilskot museumsløft				13.01			
Forskrift trossamfunnsloven				13.01		19.01	
Museumpolitikk				17.02		02.-03.03	10.-11.03
Tilskot drift nasjonale og regionale kulturminne				17.02			
Tilskot post 71, freda bygg				25.03			

Saker	Hovudutval				Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring	Kultur, idrett og inkludering			
Tilskot post 72, tekniske industrielle				25.03			
Tilskot post 74, istandsetting fartøy				25.03			
Tilskot drift fartøy				25.03			
Tilskot post 73, brannsikring				25.03			
Tilskot post 73, profane mellomalderbygg				25.03			
Tilskot post 73, konservering av ruinar frå mellomalderen				25.03			
Tilskot post 79, Nærøyfjorden				25.03			
Tilskot post 79, Bryggen				25.03			
Høyring fredingssak Stranges stiftelse				28.04			
Høyring fredingssak Årbakka				25.05			

Politiske saker

PS 1/21 Føringar ved utleige av fylkeskommunale fortau til uteservering i Bergen

Saksnr: 2021/804-1
Saksbehandlarar: Kari Elster Moen, Even
Vaular

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	1/21	03.02.2021
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		17.02.2021
Fylkesutvalet		02.03.2021

Føringar ved utleige av fylkeskommunale fortau til uteservering i Bergen

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet legg til grunn at det i Bergen sentrum er særleg viktig å sikre framkomst for mjuke trafikantar. Fortau langs fylkesveg skal primært nyttast av mjuke trafikantar.
2. Fylkesutvalet ønskjer å leggja til rette for uteservering på stader som er eigna for det, med vilkår som gjer at ein tar omsyn til fotgjengarar og serveringsstader. Ein føresetnad er at uteserveringa ikkje kjem i konflikt med hovudføremålet for fortausareala eller andre gjeldande regelverk.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen ta initiativ til eit samarbeid med Bergen kommune og Statens vegvesen for å starta eit arbeid med fotgjengar-teljingar i Bergen sentrum. Målet er å få betre kunnskap om behovet for fritt ferdselsareal for gåande.

Samandrag

Fylkeskommunen handsamar søknadar og gir løyve til uteservering på fortausareal langs fylkesveg. I saka greier fylkesrådmannen ut om kva overordna føringar og prinsipp som må ligga til grunn i vurderinga av søknadane. Som vegstyresmakt har fylkeskommunen ansvar for å sikre framkomst og trafikktryggleik på fylkesveg for alle trafikantar. God tilrettelegging for mjuke trafikantar er avgjerande for å skapa eit attraktivt gangtilbod og leggja til rette for klimavennlege transportformer. Fylkeskommunen skal som regional utviklingsaktør, vegstyresmakt og med ansvar for trafikktryggleik og folkehelse, ta i vare ålmenta sine interesser, og samstundes leggja til rette for næringsutvikling og private initiativ der dette ikkje går på kostnad av fellesskapet sine behov.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dina Lefdal
fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Saksprotokoll fylkesutvalet 18. juni 2020 - Spørsmål frå Søviknes (Frp) om uteservering - SI 15-2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune som vegstyresmakt har ansvar for å sikre framkomst og trafikktryggleik på fylkesveg. Dette inkluderer alle trafikantar, og gjeld for køyrebane så vel som fortau. Trafikantar med nedsett funksjonsevne skal også kunne ferdast trygt på fortaua våre, jf. krav om universell utforming. Som forvaltar av fylkesveg har fylkeskommunen ansvar for handsaming av søknader om leige av fortausareal til uteservering. På fylkesveg i Vestland gjeld dette i hovudsakleg i Bergen sentrum.

Fylkeskommunen fekk i 2020 18 søknader om uteservering på fylkeskommunale fortau i Bergen sentrum. Vedtak om å gje løyve vart gjeve med heimel i §§ 9 og 57 i veglova. Åtte serveringsstader klaga på vedtaket fordi dei meinte dei fekk for lite areal.

Representant Søviknes (Frp) fylgde opp saka ved å stilla spørsmål til fylkesutvalet 18. juni 2020 om klagebehandlinga, og om dialogen i forkant av 2021-sesongen (saksprotokoll er vedlagt). Fylkesrådmannen gav svar om den vidare oppfølginga, mellom anna at fylkeskommunen i samarbeid med kommunen vil ha ein ny gjennomgang av areala for uteservering før ny sesong. Vidare la fylkesrådmannen i sitt svar vekt på at framkomst for mjuke trafikantar i sentrale område er prioritert, og at fortausareal primært er vegareal for mjuke trafikantar.

Sju av klagane på vedtaket om utleige vart handsama i den fylkeskommunale klagenemnda. Fire av klagarane fekk delvis medhald, tre fekk avslag. Fylkeskommunen har no, saman med Bergen kommune starta gjennomgangen av areala for uteservering i Bergen for 2021.

Mål med saka

Fylkesrådmannen ønskjer med denne saka å tydeleggjera ansvaret fylkeskommunen har som forvaltar og eigar av fylkesveg. For å sikra ei føreseieleg handsaming av søknadar om leige av fylkeskommunale fortau til uteservering, vil fylkesrådmannen greia ut om kva overordna føringar og prinsipp som må ligga til grunn i vurderinga av søknadane.

Overordna føringar og prinsipp for sakshandsaminga

Sentrale overordna føringar og prinsipp som ligg til grunn for vår handsaming av søknadar om uteservering er forankra i:

- Veglova
- Utviklingsplan for Vestland
- Miljøløftet og nullvekstmålet
- Gåstrategi for Bergen
- Kommunedelplan for Bergen sentrum (KDP Sentrum), med føresegner
- Kommunale retningslinjer for uteservering

Regional transportplan med tilhøyrande strategi for mjuke trafikantar, vil også ha betyding for prioriteringar knytt til framkome og trafikktryggleik på fortausareal.

Lovgrunnlag

For å få løyve til uteservering på fortau må serveringsstaden ha eit vedtak frå fylkeskommunen etter veglova §§ 9 og 57. § 9 definerer vegstyresmakt, § 57 seier kva ein må ha løyve frå vegstyresmakta til å gjere på offentleg veg. I tillegg må ein inngå ei privatrettsleg avtale mellom leigetakar og Vestland fylkeskommune. Ein slik avtale er eit vilkår kommunen har for at serveringsstadane kan servere alkohol. Avtalen set også mellom anna vilkår om tidsrom og pris for leige.

Handsaming av søknadane etter veglova må sjåast i lys av føremålsparagrafen i veglova § 1 a. I tillegg må arealet det er søkt om å leige vere i samsvar med kommunale føringar og retningslinjer.

Føremålet med veglova (etter § 1a.) er mellom anna å sikra at trafikken på vegnettet «kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med», og sikra ein størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken «og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles».

Kommunale føringar og retningslinjer

Bergen kommune er planmyndigheit for arealbruk. I Bergen sentrum gjeld kommunedelplan for Bergen sentrum (KDP Sentrum). I føresegnene står det i punkt 6.3:

«Butikker og serveringssteder gis mulighet for gatesalg og uteservering i inn til 1 meters bredde langs fasade dersom krav om fri fotgjengerarealbredde på min. 3 meter, og eventuelt areal for holdeplass, varelevering og andre prioriterte aktiviteter er ivaretatt.»¹

Om uteserveringsstader ønskjer større areal, må dei avklara med Bergen kommune om dei må søkja om dispensasjon frå kommunedelplan for sentrum.

På fortau i Bergen sentrum med svært høg fotgjengartrafikk krev kommunen større fri fortausbreidde enn 3 meter². Døme her er fv. 577 Torget og fv. 577 Bryggen. På fortauet langs fv. 577 Torget er det smalt og vanskeleg å ta seg fram som fotgjengar, særleg dersom ein har barnevogn eller rullestol. Den auka bruken av elektriske sparkesyklar gjer også at arealbehovet på fortau aukar. Torget har også eit tusentals daglege av- og påstigande kollektivpassasjerar som krev sitt av venteareal.

Gåstrategi for Bergen

Bergen kommune har, som del av arbeidet med nullvekstmålet i byveksttalen (Miljøløftet), leia eit arbeid med å få utarbeidd ein gåstrategi for Bergen³, der også fylkeskommunen (den gang Hordaland) og Statens vegvesen har vore representert. Gåstrategien skal bidra til at gange som transportform tar sin del av auken i persontransporten i kommunen. Strategien set mål og legg føringar for mellom anna forvaltning, drift, planlegging og investeringar i fysiske tiltak for fotgjengarar.

I strategien er det sagt at kommunen ønskjer å prioritere dei gåande framfor andre interesser. Det er for å sikre ein auke i tal gåande og syklande framfor dei som køyrer bil. Forholda må derfor leggast til rette for å oppnå dette. Eitt av måla i gåstrategien er at fotgjengarane skal verta prioriterte ved alternativ bruk av gangareal. Dette gjeld mellom anna ved utleige av fortausareal til uteservering, men også ved andre aktivitetar som gatesal, torghandel og arrangement i byromma. Desse aktivitetane høyrer også heime i ein by, men gåstrategien legg vekt på at desse ikkje må gå på kostnad av framkomsten for dei gåande. Kommunen påpeiker i gåstrategien at gjeldande regelverk tar omsyn til dei gåande, men at praksis i ein del tilfelle ikkje følgjer regelverket.

Vedtakskompetanse

Etter gjeldande delegering etter særlov har fylkesutvalet mynde som vegstyresmakt for fylkesveggar, dersom mynde ikkje i reglementet er lagt til andre (Veglova, §9). Målet med saka er å stadfesta overordna føringar og prinsipp som ligg til grunn for handsaminga av søknadar om uteservering på fortausareal til fylkesveg.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Fylkesrådmannen arbeider med å få på plass ein avtale om kontroll og oppfølging av uteserveringsstader. Denne aktiviteten vil innebera ein kostnad, som per no ikkje er kjend. Samstundes vil utleiga av fortausareal gi inntekter som heilt eller delvis kan dekkja kostnadane.

¹ Ein kan dela fortau inn i fleire soner. Breiddekrav vert fastsett i overordna planlegging, t.d. kommunedelplan for Bergen sentrum. Areal sett av til møbleringssone og venteareal for haldeplass inngår ikkje i det frie ferdselsarealet for fotgjengarane.

² I 2019 sende plan- og bygningsetaten eit brev til Statens vegvesen med kart over arealbehovet langs Torget. Det er sett krav om 4 meter fri fortausbreidde også i Kaigaten, pga. forbodet mot å sykle i vegbana her (grunna bybanespora).

³ Gåstrategi for Bergen, vedtatt i Bergen bystyre 17. november 2020, skal gjelda fram til 2030.

Klima: Å sikra tilstrekkeleg fritt fortausareal for fotgjengarar er viktig for å gi dei eit trafikkikkert og attraktivt tilbod med god framkome. Eit attraktivt tilbod kan bidra til at fleire tar beina fatt og/eller nyttar kollektivtilbodet og let bilen stå. Gange er ein vesentleg del av dei fleste kollektivreiser.

Folkehelse: God tilrettelegging for fotgjengarar fremjar folkehelsa, både ved å førebyggja ulykker og ved at folk beveger seg.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): God tilrettelegging for fotgjengarar kan bidra positivt til mål for klima og miljø (sjå klima over), og for lokalsamfunna som ramme for gode kvardagsliv. God tilrettelegging gir tryggleik, som er ein viktig del av opplevinga av ein stad som attraktiv. Det er også viktig for folk sin mobilitet. Klimavenleg stadutvikling krev trygg ferdsel til og i sentra, til skular og fritidsaktivitetar og til kollektivtransporten.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

I dei sentrale delane av ein by som Bergen er det mykje aktivitet, og mange interesser som har eit ønske om å ta i bruk offentleg fortausareal. Fortausareala kan gi rom for fleire gode føremål, men det er samstundes eit hovudføremål som me som vegstyresmakt har eit særleg ansvar for å sikra at vert tatt i vare. Det er her fotgjengarane skal ta seg fram. Tilstrekkeleg med fritt ferdselsareal skal sikra tryggleik og framkomst for fotgjengarane. Dette er viktig å sikra før ein nyttar fortausareal til alternative føremål.

Omsynet til venteareal på kollektivhaldeplassane må også vega tungt. I Bergen sentrum er det fleire stader særleg høg gangtrafikk og kollektivhaldeplassar med eit tusentals av- og påstigingar kvar dag. Mange stader er det også knapt med fortausareal. Her må ein også ta i betraktning at høg gangtrafikk faktisk krev stor fortausbreidde. Det som kan vera eit rommeleg ferdselsareal for gåande ein plass, kan vera altfor knapt ein annan. Dårlig framkome kan gå utover trafikktryggleiken, ved at folk byrjar å nytta venteareal ved kollektivhaldeplassar og køyrevegen for å ta seg fram. I høgtrafikkerte sentrumsgater med kollektivtrafikk vil det vera særleg uheldig.

Det er verdt å nemna at utleige av elsparkesyklar i Bergen sentrum har medført ein auke i konflikter på gangareala. Konflikta er knytt til ferdsel med elsparkesyklane, og til «villparkering» i ferdselsareala. I eit pågåande pilotprosjekt der også fylkeskommunen er involvert, ser bymiljøetaten i Bergen kommune i samarbeid med utleigeaktørar på korleis ein kan skapa ei tenleg regulering av utleige og bruk av elsparkesyklane. Gjennom dette vil ein forhåpentleg få bukt med parkeringsutfordringane. Truleg vert det ei større utfordring å sikra at alle brukarar ferdest på dei gåande sine premiss på ferdselsareal for gåande. Trafikkbiletet på ferdselsareala har såleis vorte meir samansett, og somme brukargrupper opplever til dels stor utryggleik i delar av sentrum. I korridorar med høg gangtrafikk og avgrensa areal vil det å «eta» av ferdselsarealet for gåande kunna føra til at konfliktnivået vert endå høgare.

Uteservering og andre aktivitetar som nyttar offentleg gangareal (t.d. gatesal, torghandel og arrangement) er ønskte aktivitetar og viktige delar av ein levande by. Me har også eit ansvar for at desse aktivitetane har levelege vilkår. Fylkesrådmannen ønskjer å leggja til rette for uteservering på stader som er eigna for det, med vilkår som gjer at ein tar omsyn til fotgjengarar og serveringsstader. Ein føresetnad er at uteserveringa ikkje kjem i konflikt med hovudføremålet for fortausareala eller andre gjeldande regelverk. I Bergen sentrum er det særleg viktig å sikre framkomst og trafikktryggleik for fotgjengarar. Det er viktig at fylkeskommunen som regional utviklingsaktør, vegstyresmakt og med ansvar for trafikktryggleik og folkehelse, tar i vare ålmenta sine interesser, og samstundes legg til rette for næringsutvikling og private initiativ der dette ikkje går på kostnad av fellesskapet sine behov.

For serveringsstadane er det av stor betydning at handsaminga av søknader om etablering av uteservering er føreseieleg. Uteserveringsarealet kan vera av til dels stor økonomisk betydning for den einskilde verksemd. Jf. spørsmålet frå representanten Søviknes (Frp) til fylkesutvalet 18/6-20 om dialog i forkant av 2021-sesongen, vurderer fylkesrådmannen det slik at god informasjon ut til søkjarane er viktig. Fylkesrådmannen meiner at ei vurdering av kva areal som kan nyttast til uteservering må gjerast med alle omsyna som føresetnad: fotgjengarar, menneske med nedsett funksjonsevne og plangrunnlag. Det er derfor ikkje naturleg å ha møte med den enkelte søkar for å fatte vedtak om kva areal som kan leigast ut. Søkjarane vil framleis ha klagerett på vedtaket om leige av fortausareal. Det ville vore naturleg med medverknad frå serveringsstadane dersom me utarbeidde nye føringar og retningsliner for utleige av fortausareal til uteservering. Men det er ikkje tilfelle her. Det er derimot viktig å tydeleggjere kva eksisterande føringar og prinsipp som gjeld, for å sikra samsvarande praksis i handsaming av søknadar og klagehandsaming.

Per i dag vert det gitt løyve om uteservering for eitt år av gangen. På sikt er det ønskeleg å kunna tilby løyver for lengre tidsrom, for å gjera det meir føreseieleg for søkjarane. For å kunna gjera dette er me avhengige av å få større kunnskap om kor mange fotgjengarar som nyttar dei ulike fortaua. Me vil då betre kunna definera behova for fri fortausbreidde, og såleis også storleiken på uteserveringsareala. Fylkesrådmannen ønskjer difor å gå i gang med eit arbeid med fotgjengarteljingar i Bergen sentrum, i lag med Bergen kommune og Statens vegvesen.

Spørsmål Terje Søviknes (FRP) -Næringsvennlig holdning til restaurantnæringen - uteservering i Bergen Sentrum

Spørsmål 1:

Vil fylkesordføreren ta initiativ til en reell klagebehandling med synfaring langs FV 585 for å sikre at begge hensyn blir ivaretatt?

I all klagebehandling legg fylkesrådmannen forvaltningslova til grunn, og skal behandle klagen på vårt vedtak etter veglova. Det er plan- og bygningslova (pbl) som er førande for arealbruken. Eit veglovsvedtak kan ikkje strekke seg lenger enn det kommunedelplan for sentrum med føresegner opnar opp for. Då er saka ei dispensasjonssak etter pbl som kommunen må behandle.

Spørsmål 2:

Vil fylkesordfører før 2021-sesongen ta initiativ til en dialog mellom fylkeskommunen og grunneierne/restauranteierne på Torget slik at vi kan få optimalisert bruken av arealet, skape forutsigbarhet og dermed muliggjøre en oppgradering av området i regi grunneierne?

Svar frå fylkesrådmannen:

Fylkesrådmannen legg opp til at vi skal ha ein ny gjennomgang av areala for uteservering før neste sesong. Fylkesrådmannen vil gjere dette i samarbeid med Bergen kommune, plan og bygningsetaten og bymiljøetaten. Kva dialog Vestland fylkeskommune skal ha med grunneigarane/restaurantegarane på Torget er førebels ikkje avklart. I gjennomgangen vil fylkesrådmannen òg ha dialog med kommunalt og fylkeskommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

I slike sentrale område må Vestland fylkeskommune som vegstyresmakt legge vekt på at fortausareal er vegareal som skal nyttast av mjuke trafikantar. Uteservering er eit unnatak som må handsamast etter veglova. I sentrale delar av Bergen sentrum er framkomst for mjuke trafikantar prioritert.